

REGULERINGSPLAN FOR STORDAL SMÅBÅTHAMN

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1 GENERELT

- 1.1. Disse føresegnene gjeld for området innafor reguleringsgrensa på plankartet datert 08.01.99. Utforminga av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.
- 1.2. Der særlege grunnar talar for det, kan det faste utvalet for plansaker innafor ramma av Plan- og bygningslova tillate mindre vesentlege unntak frå reguleringsplanen.
- 1.3. Området er regulert til følgjande formål:
Bygeområde: naustområde

Trafikkområde: køyreveg
gangveg
parkeringsplass
anna trafikkareal
kai
Hamneområde (landdelen)
trafikkområde i sjø

Friområde: Turveg/park
friområde i sjø

Fareområde: flaumfare/elveforbygging

Fellesområde: felles parkering/tilkomst

Spesialområde: frisiktsone
kommunalteknisk anlegg (VA)

Fellesområde lunneplass/ friområde
- 1.4. **Plankrav**

Søknad om byggjeløyve skal vedleggast situasjonsplan som viser:
 - plassering av naust
 - teikningar av fasadar, planløyving og snitt i målestokk 1:100.

§ 2 BYGGJEOMRÅDE

2.1 Byggjegranser/plassering av bygningar

Byggjegranser mot dei kommunale vegane er vist på plankartet. I byggeområda gjeld generelt at bygningar kan plasserast slik at takutstikk flukter med formålsgrensene for området, med følgjande unnatak:

Nausta skal stå tett saman, men avstanden mellom ytterveggene skal ikkje vere mindre enn 0,75 meter. Ytterveggen på klubbhuset kan likevel setjast heilt inn til ytterveggen på naustet mot sør.

Plasseringa av naust som er vist på plankartet er illustrasjon, og ikkje juridisk bindande

2.2 Utnyttingsgrad, gesimshøgde, takvinkel

2.2.1 Utnyttingsgrad vert oppgjeve som BYA, bebygd areal i prosent av tomtearealet, som definert i NS 3940.

Følgjande utnyttingsgrader er tillatne:

- Naustområda N1 - N4: BYA=95 %.
- Område for komm.tekn. anlegg: BYA=60%.

2.2.2 Gesimshøgde vert her rekna som avstanden frå ferdig planert terreng til krysningspunktet mellom ytre takflate og ytre veggflate, målt der avstanden er størst. Følgjande reglar gjeld for gesimshøgde og takvinkel:

Naustområde:

Største gesimshøgde: 2,6 meter. For område N4 er gesimshøgda 4,0 meter
Takvinkel mellom 35 og 45 grader.

For forsamlingslokale/klubbhus skal gesimshøgda vere 4,5 meter. takvinkel mellom 35 og 45 grader.

Område for komm.teknisk anlegg:

Største gesimshøgde: 3,0 meter.
Takvinkel mellom 35 og 45 grader.

2.3 Storleik og utforming på naust

Det høve til å føre opp enkle og doble naust. Utforming og fargeval på veggjar og tak skal vere i same stil som eksisterande naust.

Naustområde generelt:

Lengda på nausta skal vere mellom 7,7 og 9,5 meter. (yttermål)
Breidda på nausta skal vere mellom 4,5 og 6,5 meter. (yttermål)

Område N4:

Lengda på nausta skal vere mellom 12,0 og 14,0 meter. (yttermål)

Breidda på nausta skal vere mellom 4,0 og 5,0 meter. (yttermål)

Område N5:

Lengda på nausta skal vere mellom 6,0 og 8,0 meter. (yttermål)

Breidda på nausta skal vere mellom 4,0 og 6,0 meter. (yttermål)»

2.4 Andre bygningar

Klubbhus, og kommunaltekniske anlegg skal gjevast ei utforming som høver til naustmiljøet. Oppføring av klubbhus er tiltenkt Stordal båteigarlag. Det er og avsett område for kai i samband med klubbhuset.

§ 3 TRAFIKKOMRÅDE

3.1 Regulert vegbreidde går frå skulderkant til skulderkant. Grøft, skjering og fylling er vist med eigen farge.

3.2 Areal merka som annan veggrunn, skal gjevast eit parkmessig preg.

§ 4 FRIOMRÅDE

4.1 Friområda skal ikkje byggjast på, men dei kan opparbeidast og tilretteleggast i samsvar med reguleringsformålet. Unntak frå dette er område F6.

4.2 Område F6 skal ha eit parkmessig preg med grøntareal og gangvegar, som sikrar tilkomst til moloen for gåande og syklende. Moloen skal vere bilfri. I søndre del av området har Stordal Båteigarlag moglegheit for å sette opp eit naust med boder tilknytt båtplassane i hamna. Naust skal plasserast med sydvegg i reguleringsgrensa, og vere utforma med to møntak.

4.3 Område F5 kan tilretteleggast som badeplass. Slik opparbeiding kan berre skje etter detaljerte situasjonsplanar som er godkjende av det faste utvalet for plansaker. Før godkjenning skal aktuelle sektorstyresmakter få høve til å uttale seg til situasjonsplanen.

§ 5 LUNNEPlass/ FRIOMRÅDE

5.1 Området merka FL skal brukast som kombinert Jord og skogbruksområde (lunneplass) og friområde. Området kan brukast til tømmeropphalsplass og lunneplass for tømmer.

5.2 I omlag 8 månader, i tidsrommet september- april kan området disponerast i samband med opphal og lunning av tømmer. Etter endt tømmerdrift skal området vere stelt og fritt for tømmer og kvast o.l. etter drifta.

5.3 Eit område i 10 meters breidde frå asfaltkant på kommunal veg er opparbeidd med grusdekke og skal fortsatt ligge slik. Resten av område FL skal ikkje opparbeidast, men behalde det naturlege grasdekket. Eit tømmeropphal skal utførast av stokkar og vere midlertidig.



§ 6 FAREOMRÅDE

6.1 Flaumfare/elveforbygging

Området er avsett til naudsynt elveforbygging. Alle tiltak i området skal godkjennast av NVE.

§ 7 SPESIALOMRÅDE

7.1 Område for kommunalteknisk anlegg

Områda kan nyttast til bygningar og anlegg for kommunalteknikk. På tomte for silanlegg er det etter avtale med Stordal kommune også høve til å plassere vinsj for felles båtopphal.

7.2 Frisiktsone

I området mellom frisiktline og køyrevæg (frisiktsona) skal det ved kryss og tilkomstar vere fri sikt i ei høgde på 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane.

Det faste utvalet for plansaker kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna.

§ 8 FELLESONRÅDE

8.1. Felles trafikkareal

Felles trafikkareal skal vere felles manøvreringsareal for industriområdet i nord og nausteigarane i område N1.

STORDAL KOMMUNE

Teknisk etat

Stordal, den 20.01.99.

STORDAL, _____

Olav Bratland
ordfører